

humanistiske data 1-84

NAVF

ARTIKLER
RAPPORTER
MELDINGER
SUMMARY

NAVFs EDB-senter
for humanistisk
forskning

The Norwegian
Computing Centre
for the Humanities

SENTERETS RAPPORTSERIE

- RAPPORT nr. 1. *EDB i gjenstandsfagene*. Rapport fra en konferanse i Bergen, 18. og 19. april 1978. September 1978. 2. opptrykk november 1981. ISBN 82-7283-022-1 Pris kr. 40.
- RAPPORT nr. 2. *Et norsk datamaskinelt tekstkorpus*. Rapport fra en konferanse i Bergen, 19. og 20. oktober 1978. Februar 1979. 2. opptrykk 1981. ISBN 82-7283-016-7 Pris kr. 20.
- RAPPORT nr. 3. *Rapport fra den nasjonale konferanse om EDB i språk og litteraturforskning*, 4. og 5. januar 1979. Mars 1979. 2. opptrykk november 1981. ISBN 82-7283-024-8 Pris kr. 50.
- RAPPORT nr. 4. *Oppbygging av EDB-katalog for folkemusea i Hordaland og kulturgeografisk registrering på Vestlandet*. April 1978. 3. opptrykk november 1981. ISBN 82-7283-000-0 Pris kr. 30.
- RAPPORT nr. 5. *Rapport fra NKKM's EDB-komite*. August 1979. ISBN 82-7283-001-9 Pris kr. 15.
- RAPPORT nr. 6. *Prøveprosjekt med EDB ved Norsk Folkemuseum*. Oktober 1979. ISBN 82-7283-002-7 Pris kr. 15.
- RAPPORT nr. 7. *Ivar Fønnes: Norsk landbruksordbok*. Prosjektrapport om databehandling og tilrettelegging for trykking. September 1979. ISBN 82-7283-008-6 Pris kr. 25.
- RAPPORT nr. 8. *SEFRAK. Rapport frå prøveprosjekt for databehandling av kulturminneregisteret*. Oktober 1979. ISBN 82-7283-003-5 Pris kr. 30.
- RAPPORT nr. 9. *Jostein H. Hauge og Sigbjørn Århus: Dataregistrering i humanistiske fag med vekt på optisk lesing*. August 1978. 3. opptrykk januar 1981. ISBN 82-7283-004-3 Utsolgt.
- RAPPORT nr. 10. *Roald Skarsten: Innføring i SPSS for humanister*. November 1977. 4. opptrykk november 1981. ISBN 82-7283-005-1 Pris kr. 30.
- RAPPORT nr. 11. *Jostein H. Hauge og Knut Hofland: Rapport fra 4 konferanser i USA sommeren 1979*. The 17th Annual Meeting of Computational Linguistics. La Jolla Conference on Cognitive Science. The Fourth International Conference on Computers in the Humanities. Data Bases in the Humanities and Social Sciences. November 1979. ISBN 82-7283-0 07-8 Utsolgt.
- RAPPORT nr. 12. *EDB og manuskriptregistraturer*. Oktober 1977. 2. opptrykk november 1979. ISBN 82-7283-009-4 Pris kr. 20.
- RAPPORT nr. 13. *Datatjenester for og datasamarbeid mellom kunst- og kulturhistoriske museer*. Februar 1980. 2. opptrykk november 1981. ISBN 82-7283-010-8 Pris kr. 50.
- RAPPORT nr. 14. *NOVA*STATUS HÅNDBOK*
Del 1: Søking. Brukerveiledning. 3. opptrykk februar 1983. ISBN 82-7283-011-6 Pris kr. 20.
Del 2: Fil-beskrivelser. Systemdokumentasjon. Utsolgt.
Del 3: Generering og oppdatering av databaser. Utsolgt.

Forts. 3. omslagsside.

humanistiske data 1-84

NAVFs EDB-senter for
humanistisk forskning

The Norwegian Computing
Centre for the Humanities

NAVF NORGES
ALMENVITENSKAPELIGE
FORSKNINGSRÅD

NAVFs EDB-senter for humanistisk forskning ble opprettet av Norges almenvitenskapelig forskningsråd i 1972. Senteret har som oppgave å arbeide på nasjonal basis for utbredelse av edb i forskningsarbeidet i de humanistiske fagene. Det er opprettet en samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen som bl.a. gir Senteret adgang til edb-tjenester ved Universitetet.

Av sentrale oppgaver kan nevnes utvikling av programutrustning for humanistiske forskningsoppgaver, konsulenthjelp og informasjonstjenester.

Senteret utgir tidsskriftet *Humanistiske Data* (3 nr. pr. år) og en rapportserie (32 er utkommet pr. 1.4.84).

Senteret er sekretariat for International Computer Archive of Modern English (ICAME), og utgir bladet ICAME NEWS.

Senteret driver egne opplæringsprogram for vitenskapelig personale og medarbeidere i den kontor-tekniske gruppen innenfor de humanistiske fag. Det blir også holdt forskjellige kurs og seminar om edb og humanistisk forskning. Tidspunkt og emner blir kunngjort i *Humanistiske Data* og på institusjonene.

Interesserte kan kostnadsfritt bestille årsmelding og *Humanistiske Data* (kr. 50,- for institusjoner).

Humanistiske Data blir utgitt av NAVFs EDB-senter for humanistisk forskning. Redaksjonsgruppe: Jostein H. Hauge (ansv.), Kristin Natvig, Espen Ore, Elin Solstrand.

Senterets adresse: Harald Hårfagesgt. 31, Boks 53, 5014 Bergen-Universitetet. Tlf. (05) 320040, linje 2956.

Artikler, rapporter, meldinger mottas. Redaksjonen avsluttet 2. april.

Humanistiske Data is published by The Norwegian Computing Centre for the Humanities. Editorial group: Jostein H. Hauge, Kristin Natvig, Espen Ore, Elin Solstrand.

The journal can be ordered from the address mentioned above. Contributions are welcome.

Medarbeidere fra Senteret i dette nummer:

Jostein H. Hauge, Ole Lauvskar, Kristin Natvig, Espen Ore, Øystein Reigem, Elin Solstrand.

Fotosats i kommunikasjon med Univac 1100/82.

Sats: Universitetet i Bergen/NAVFs EDB-senter for humanistisk forskning.

Grafisk design og montasje: Kristin Natvig.

Trykk: John Grieg A/S

Foto'ene på forsida og på s. 6 og 19 er av EDB-gruppe D, 9. klasse ved Nygård skole i Bergen. Foto: Knut Hofland.

Innhold

Artikler:

Datamaskinstøtta læring – eit kunnskapsteoretisk perspektiv. Ivar Solheim	s. 4
Edb og lokalhistorie i skolen. Gunnar Thorvaldsen	s. 13
SHD i skolan – en introduktion til praktisk användning av ADB för humanister och samhällsvetare. Stefan Fogelvik	s. 23
Delfag i edb for lærarar i humanistiske fag. Intervju med Jan Oldervoll. Kristin Natvig	s. 42
Bruk av mikrodatamaskinen i lokalhistoriske arbeid. Johannes Kvestad	s. 46
Edb som hjelpemiddel for funksjonshemma. Ivar Utne	s. 52
Edb og Arkivverket. Intervju med riksarkivar John Herstad. Jostein H. Hauge	s. 57

Rapporter:

Edb i humaniora ved Universitetet i Tromsø. Holger Hagan	s. 66
Edb-kurs for kunst- og kulturhistoriske museer. Øystein Reigem ..	s. 70
7th International Online Information Meeting. Elin Solstrand	s. 72
Edb i Humaniora-ukene 1984 ved Universitetet i Oslo. Espen Ore .	s. 80
Nytt fra RHF/NAVF.	s. 82
Fra bokhylla.	s. 85

Meldinger	s. 96
-----------------	-------

Summary	s. 100
---------------	--------

Rettelse

Redaksjonen beklager en feil i Aagot Landfalds artikkel «Edb og språknormering» i HD 3-83. På s. 51, siste avsnitt, 2. linje, står det: «Vi har selv datautstyr.» Det riktige er: «Vi har ikke selv datautstyr.»

Datamaskinstøtta læring – eit kunnskapsteoretisk perspektiv

Ivar Solheim

Innføring av datateknologi i skulen aktualiserer «den gamle» diskusjonen om programmert undervisning og kritikken av denne undervisningsforma. Dette var i stor grad ein diskusjon om grunnlagsproblemer av filosofisk, psykologisk og pedagogisk karakter. Kritikken mot undervisningsteknologien var massiv, og mobiliserte forskarar og studentar frå ulike fagmiljø. Sett på denne bakgrunn er det ein smule ironisk å registrere i ettertid at denne omfattande intellektuelle aktiviteten var retta mot eit fenomen som aldri fekk fotfeste i Norge, og berre i liten grad i andre europeiske land. Og mesteparten av dei større forsøka som vart sett i gang i dei vest-europeiske landa vart avvikla lenge før den store kritikkbølga som kom i kjølvatnet av studentopprøret.

Ikkje desto mindre er det klart at kritikken av undervisningsteknologien og programmert undervisning reiste prinsipielle spørsmål som det no er nødvendig å tenke gjennom på nytt i samband med innføring av ny teknologi i skulen. I denne artikkelen skal eg relativt skissemessig forsøke å vurdere ein del av dei argumenta som vart retta mot programmert undervisning (PU), men no sett i lys av datateknologien sine muligheter og begrensningar som eit undervisningsverktøy.

Datateknologien vil få konsekvenser for skulen på mange, og svært ulike måtar. Denne artikkelen vil konsentrere seg om ein del grunnlags-spørsmål omkring datastøtta læring (DSL).

Programmert undervisning

For pedagogar flest er programmert undervisning eit omgrep som gir negative assosiasjonar, men kunnskapane om emnet er ofte mangelfulle.

Programmert undervisning er eit forsøk på å løyse problem pedagogar til alle tider har stilt seg: Kva er den raskaste og sikraste måten å skaffe seg nye kunnskapar på? Og korleis skal pedagogar strukturere lærestoffet, organisere og tilrettelegge læresituasjonen slik at læringa blir mest mulig effektiv?

Den mest kjende forma for PU er Skinners læremaskinar. Disse var oftast svært enkle. T.d. ein liten kasse eller boks med ein rull inni, og rullen kan vridast ein veg ved hjelp av ein knapp på utsida av boksen. På denne strimmelen vil ein finne *programmet* og dette er delt inn i små seksjonar eller *rammer*. Her vil ein finne små informasjonseiningar, spørsmål, eit ope felt og ein facit. I boksen finn ein eit firkanta hol der ein kan sjå kvar enkelt ramme. Rullen kan ikkje vridast attende.

Det er ikkje til å undre seg over at det vaks fram ein opposisjon mot

Skinner's maskiner – også blant tilhengarane av programmert undervisning. Nokre meinte at programmert undervisning slett ikkje blir mest «effektiv» ved bruk av maskiner: programmerte lærebøker er like bra. Viktigare enn dette var utviklinga av såkalla *forgreina* program, i motsetning til Skinner's *lineære* program (Reitan 1971). Hos Skinner er det ingen ferdiglaga svaralternativ og liten mulighet til individualisering og differensiering bortsett frå at eleven skal kunne bestemme tempoet sjøl. I dei forgreina programma er rammene meir omfattande enn hos Skinner. Her vil kvar ramme innehalde ei oppgåve med etterfølgande fleire ulike svaralternativ. Dersom eleven har svart rett, kjem han vidare i programmet. Er svaret feil alternativ, kan ulike operasjonar finne stad, alt etter det svar som er valt. Dersom feilen er mindre alvorleg, kan eleven bli ført attende i programmet og får dermed repetert ein kortare eller lenger sekvens. Dersom eleven har valt eit svar programforfattaren meiner representerer ein alvorlegare feil, kan han bli ført over i forgreiningar som tek sikte på å forklare kvifor hans svar er gale og å hjelpe han til å løyse oppgåva. Deretter kan eleven først attende til den ramma der han tok feil først. Nokre av desse programma har også innebygd mulighet til at eleven kan flyttast framover i programmet dersom han viser at han sit inne med tilstrekkelege kunnskapar.

Dei forskjellige formene for PU bygger på ulike teoriar om læring. Skinner's behaviorisme vart etter kvart mindre viktig enn t.d. variantar av kognitiv læringsteori. Trass i ulikskapar var desse formene i prinsippet svært like:

- den implisitte kunnskapsteorien er *atomistisk*. Lærestoffet blir sett på som ein samling enkeltfakta.
- følgelig blir også læringsprosessen oppfatta som *kumulativ*, dvs. at ein bygger opplæringa etter å ha brote ned lærestoffet i små einingar.
- både spørsmål og svar er eintydige.
- undervisningsforløpet er bestemt på førehand.

Desse tre elementa er likevel ikkje det viktigaste og radikalt nye ved PU. Allereide sofistane i det gamle Aten la avgjerande vekt på nedbryting av lærestoff i små einingar. Bruken av audiovisuelle hjelpemiddel er i prinsippet ikkje noko anna enn ei teknisk forbetring av pedagogiske hjelpemiddel som har vore i bruk sidan Aristoteles si tid (Hawkrigde 1976). Og allereide Francis Bacon ville ha systemteori inn i pedagogikken: han la vekt på å sjå «the whole problem, state its terms and formulate its equations» (Saettler 1968).

Det radikalt nye ved PU i den utforminga det fekk i 40- og 50-åra ligg i forsøk på endring av sjølve *kommunikasjonssituasjonen* i læringsprosessen ved hjelp av teknologiske hjelpemiddel. Med modellar henta frå arbeidsorganisering og rasjonalisering i industrien fall det naturleg å tenke på rasjonaliseringsmulighetene også innafor undervisningssystemet. Taylorismens kongstanke var skillet mellom idé (planlegging og leiing) og utførelse (det konkrete arbeidet i produksjonen). På samme

måte stilte PU målsetting om ikkje berre å kontrollere eleven, men å legge teknologien til rette for at denne kunne kontrollere sjølve kommunikasjonsforholdet i læringsprosessen.

Dette understrekar kor viktig det er å forstå at innføring av teknologi i skulen ikkje kan reduserast til eit spørsmål om å finne t.d. objektive mål for læringseffekt av ulike teknologiske hjelpemiddel. Bruk av teknologi er nøye knytta saman med verdispørsmål og menneskesyn.

Datateknologi og programmert undervisning

I Stortingsmelding nr. 39 (1983-84) om datamaskiner i skulen blir nettopp skepsisen til PU nemd som ei av årsakene til at datateknologien førebels ikkje har kome inn som eit naturleg hjelpemiddel i undervisninga: «Teorien bak læremaskinene bygget på en forenklet oppfatning om hva læring er, en teori hvor det var lagt spesiell vekt på belønning av riktige svar, en belønning som til tider kunne virke meget overdreven. For mange kan det synes som om det er en slående likhet mellom en læremaskin og en datamaskin, selv om dette ikke på noen måte er tilfellet» (s. 32).

Det er utan tvil kvalitative skilnader mellom dei to omtalte teknologiane med omsyn til pedagogisk potensiale. Det paradoksale er at sjølv om datateknologien sannsynlegvis har eit stort potensiale, så har svært mykje av det som har gått under namnet datastøtta læring hatt ein pedagogisk verdi som ikkje skiller denne nemneverdig frå dei meir primitive formene for «klassisk» PU. Å henvise til den kvalitative skilnaden mellom dei to teknologiane sine ulike pedagogiske potensiale må gi ei snever forståing av både den historiske bakgrunnen og den



noverande stoda innafør området datastøtta læring – dersom ein ikkje samstundes vurderer den pedagogiske verdien av tidlegare og eksisterande DSL.

Det typiske DSL-tilbod har tradisjonelt vore program der siktemålet med undervisninga har begrensa seg til å utnytte datamaskinen sine muligheter for rask feedback og evaluering. I byrjinga var slike program prinsipielt identiske med dei tidlegare omtalte lineære program, seinare har ein fått ulike former for temmelig avanserte forgreina program.

Det er grunn til å slå fast at denne type DSL ikkje har vist seg å leve opp til dei forventningane som opphavleg var stilt til den. Dette gjeld i særleg grad dei forsøka som er gjort innafør ordinær undervisning. Derimot har resultatata vist seg å vere positive for undervisningssituasjonar der eleven/brukaren skal lærast opp til å beherske eit avgrensa sett av ferdigheter eller fakta, og der undervisninga stiller krav om særskilt motivasjon for lærestoffet.

Evalueringar som er gjort av denne type DSL i ordinær undervisning viser for det første at dersom man legg effektivitetsomsyn til grunn så kan signifikante betringar sjeldan påvisast. Ein særskilt veikskap ved undersøkingar som har vist positive læringseffektar, har ofte vore at ein ikkje har undersøkt mulighetene for at ein målbar framgang i prestasjonar kan skuldast andre forhold enn sjølve det datamaskinstøtta undervisningsopplegget. Både det faktum at maskinen representerer eit nytt, spennande medium, og at elevane i ein slik forsøksituasjon får ekstraordinært mykje positiv merksemd frå lærarar og forskargruppa, er forhold som naturleg vil ha innvirkning på prestasjonane og elevane sine haldningar til datamaskinstøtta læring. For det andre – og det er viktigast – utstrakt bruk av denne type DSL kolliderer med pedagogiske målsettingar og lærarane og elevane sin naturlege og sunne skepsis mot å la teknologien kome inn på eit område der den lett blir misbrukt.

Klassifisering av ulike typer DSL

Men dermed er ikkje alt sagt om nytten av DSL. I løpet av det siste tiåret har det vakse fram forskningsmiljø og vore utprøvd alternative former for DSL. Det kan vere nyttig å klassifisere dei ulike typane eller tilnærmingane. Det kan gjerast på ulike måtar, og nokon eintydig klassifikaasjon eller terminologi har enno ikkje festa seg. Ein mulig klassifiseringsmetode kan vere som i Stortingsmeldinga å legge dei reint teknologiske variasjonsmulighetene til grunn. På bakgrunn av denne metoden ser meldinga følgende former for datastøtta læring (s.39):

- drill og øvingar
- interaktive program, individuell undervisning
- demonstrasjonar
- simulering
- spel for læring

Eg finn det meir hensiktsmessig å gjere ei klassifisering på grunnlag av ei vurdering av det pedagogiske grunnlaget og metodiske prinsipp som ligg til grunn for dei ulike formene for DSL. Sjølv om dialog-omgrepet blir grundig misbrukt innafør dette fagområdet, vil eg gjere eit skille mellom det eg kallar *datastyrt læring* og *dialogbasert datastøtte*. Begge desse to formene for DSL vil kunne nytte seg av samtlige teknologiske muligheter som er nemnt i Stortingsmeldinga. I tillegg må nemnast at dei begge i ulik grad nyttar seg av databasar og muligheter til å behandle og presentere både bilde og lyd.

Med datastyrt læring tenkjer eg på den forma for DSL som i hovudsak baserer seg på dei same pedagogiske prinsippa som den klassiske PU. Som døme kan nemnast PLATO-systemet (Programmed Logic for Automated Teaching Operations), som mest er å oppfatte som eit tilbod om ei «pakkeløysing» for dei fleste pedagogiske oppgaver innafør ein undervisningssituasjon.

Frå ein pedagogisk synsvinkel er det særleg to former eller modeller for dialogbasert datastøtte som peikar seg ut som særleg interessante. Det er for det første LOGO/SMALLTALK-modellen. Både LOGO og SMALLTALK er språk som er utvikla spesielt for undervisningsformål. Filosofien bak er at eleven skal lære seg all nødvendig programmering sjøl. Slik vil ein unngå at eleven berre blir ein passiv mottakar, slik situasjonen vanlegvis har vore i ordinær DSL. LOGO er eit forsøk på å overvinne ein av dei viktigaste veikskapane ved tradisjonell DSL: synet på læring som ein-sidig kumulativ og ein atomistisk kunnskapsteori. Opphavsmannen til LOGO, *Seymour Papert*, seier det slik: «... bruk av datamaskinen forutset ein kunnskapsteori. Vi er sosialisert til å tenke på matematikk som ei samling av tallfakta. Denne kunnskapsteorien leier naturleg til ein læringsmodell der læring betyr å oppnå eit sett av skjulte åtferdsmål eller som ei stadig gjentakande løysing av føreskrivne øvingar». (Papert 1979)

Den andre interessante forma for dialogbasert datastøtta læring er større system der eleven sitt forhold til datamaskinen er basert på hans aktive medvirkning og initiativ til å ta i bruk ei hel rekke tilbod innafør forskjellige fag (informasjonsframhenting, berekningar, grafisk presentasjon, simuleringar m.m.). Eit typisk eksempel er det svenske PRINCESS-prosjektet (Project for Research on Interactive Computerbased Education Systems). Brukaren har her også mulighet til å modifisere datastøtta.

LOGO og kritikken av den atomistiske kunnskapsteorien

Kritikken mot kumulativ læring og ein atomistisk kunnskapsteori kan føre til den meiningslause slutninga at det er prinsipielt feilaktig å bygge opp lærestoffet på grunnlag av kunnskaps- eller faktaeiningar. Dersom dette er premis for kritikk av datastyrt læring hamnar kritikaren på eit standpunkt som gjer ein kvar vitskapleg diskusjon om pedagogikk


overflødig.

Kritikken rettar seg ikkje mot systematisk oppbygging av lærestoff, men mot å redusere læringsprosessen til *berre* å vere ein kumulativ pyramide av faktaeiningar. I så fall blir kumulativiteten eit *paradigme* som gjer det umuleg for eleven å få grep om heilskapen i lærestoffet og forholdet mellom delane og heilskapen. Ein konsekvens blir også at eleven i ein slik læringsprosess ikkje er subjekt, men et objekt som reagerer meir eller mindre adekvat i forhold til premissar som andre legg til rette for han.

Seymour Papert legg slike refleksjonar til grunn for sitt LOGO-prosjekt. Frå ein pedagogisk synsstad er hans forsøk stimulerande og utfordrande. Han er mest kjent for den «elektroniske skilpadda» som er berekna på dei yngste elevane. Skilpadda er eit «kybernetisk dyr» som kan bevege seg etter instruks frå datamaskinen. Datamaskinen er programmert av barnet. På barnet sitt eige initiativ vil skilpadda kunne skrive f.eks. kvadratar og trekantar på eit papir på golvet. Barnet vil såleis sjøl kunne finne fram til den eksakte forma på eit kvadrat ved at den får dette synleggjort ved hjelp av skilpadda.

Dersom Skinners læremaskiner blir kalla ein «tese», så er det naturleg å kalle Paperts skilpadde for «anti-tesen». Det er nærliggande å spørre om ikkje Paperts pedagogiske filosofi fører han over til eit standpunkt som ligg nær opp til ein pedagogisk filosofi som vil fornekte betydninga av systematisk oppbygging av lærestoff. I staden for ein atomistisk kunnskapsteori får vi ein kunnskapsteori som tek utgangspunkt i at vi ved hjelp av datamaskinen allereide på dei første stega i ein læringsprosess vil kunne tileigne oss mykje av heilskapen. Viktigast å merke seg er vel likevel at på akkurat same måte som i datastyrt læring står datamaskinen i sentrum for all merksemd. Papert går også adskillig lenger enn nokon tidlegare tilhengar av datastyrt læring i å understreke i kor stor grad datamaskinen vil komme til å revolusjonere all utdanning. Det er også påfallande i kor liten grad Papert vurderer betydninga av å knytte læringsaktivitetane til dei sosiale omgivingane til barnet.

Rapportar frå bruk av LOGO i ordinær skule i USA tyder på at ein der etter kvart erfarer at LOGO er nyttig til enkelte formål, men at



Fra «Computers in Schools», January 1984.

forsøka på å nytte den som eit generelt hjelpemiddel viser seg like fåfengt som tidligare forsøk. Meldingar frå USA tyder imidlertid også på at LOGO-språket er på rask frammarsj. LOGO kan også vise til oppsiktsvekkande gode resultat ved bruk til funksjonshemma, særleg autistiske born.

PRINCESS-aktiviteten: den gylne middelvei?

PRINCESS-prosjektet vart starta i 1973 og har konsentrert forsøka sine til ein skule. Sluttrapporten frå prosjektet kom i 1983. Det blir hevda at datamaskinen bør brukast som hjelpemiddel:

- når dette hever kvaliteten på undervisninga, f.eks. gjennom auka konkretisering og tilknytning til virkeligheta, førebu muligheten til prosjektarbeid og temastudier.
- når eksisterande metodikk og øvrige hjelpemiddel ikkje rekker til.
- når hjelpemiddelet fungerer som ein ressurs for elevar og lærarar og gir dei handlingsfridom.
- for å gjere datamaskinen sin spesielle evne til å handtere og presentere informasjon tilgjengelig.

Det karakteristiske ved PRINCESS-prosjektet si tilnærming er for det første at det blir stilt høge kvalitetskrav til både program- og maskinutstyr for å kunne tilfredsstille dei ovannemnde krava til datamaskinstøtta læring. For det andre har prosjektet heilt sidan starten distansert seg frå tradisjonell programmert undervisning, og særskilt frå den vanlege typen forgreina program. Parolen er «eleven i sentrum». Sjølve den didaktiske modellen er ikkje oppsiktsvekkande eller original frå ein pedagogisk synstad. Oppsiktsvekkande er det imidlertid at modellen er atypisk innafør den internasjonale DSL-forskninga.

Sluttrapporten er prega av nøkternhet og varsemnd med omsyn til konklusjonar om verdien av datastøtta læring, men det går fram at forutsatt ei riktig pedagogisk tilnærming til bruk av datamaskinen i undervisninga, vil DSL kunne bety eit viktig supplement til den ordinære klasseromsundervisninga.

Det er tydeleg at prosjektet ikkje berre har stilt seg kritisk til forskjellige former for programmert undervisning og datastyrt læring, men har også gjort viktige erfaringar med omsyn til kva systemutviklingsmetoder som er passande til den spesielle karakteren til undervisningsmiljøet. Når det gjeld generelle systemutviklingsmetoder konstaterer rapporten at desse alment er tilpassa utviklinga av tradisjonelle administrative system. Med dei krav PRINCESS har stilt til brukarane sine innverknadsmuligheter over sin arbeidssituasjon og utviklinga av teknologien, har ein funne at desse metodane ikkje er brukbare for skulen. Dessutan er det eit trekk ved tradisjonelle metodar at dei i større grad er innretta på å senke kostnadene enn på å heve kvaliteten på produktet. Prosjektet tilsluttar seg den skulen som blir kalla «eksperimentell systemutvikling». Denne legg avgjerande vekt på å utvikle

systemet «gjennom eit kontinuerlig samspel mellom utprøving og analyse». Det er underforstått at systemet må utviklast på grunnlag av grundig innsikt i den særegne karakteren ved undervisningsmiljøet (s. 213).

I motsetning til datastyrt læringsystem og LOGO-systemet framstår PRINCESS-prosjektet som en «gyllen middelvei», men det er også klart at heller ikkje dette prosjektet gir grunnlag for konklusjonar om at datastøtta læring på det noverande stadiet generelt er i stand til å konkurrere med f.eks. bruk av lærebøker og vanleg klasseromsundervisning. Dette reiser spørsmål om kva som er føresetnadene for at DSL skal kunne ta opp denne konkurransen.

Nødvendig forskning om datastøtta læring

Innafor det internasjonale DSL-miljøet har det i ei rekke år vore ei rådande oppfatning at føresetnaden for at DSL skal kunne utvikle seg til å bli noko meir enn i beste fall eit jamngodt supplement til ordinære hjelpemiddel, er det nødvendig å utvikle system med ei betydeleg grad av innebygd «intelligens». Det synest å vere ei utbreidd oppfatning at forskninga på området bør konsentrerast om feltet kunstig intelligens og kunnskapsrepresentasjon, og at systemutviklingsarbeidet må ta utgangspunkt i særmerka ved undervisningssituasjonen og den pedagogiske samanhengen.

Grunngjevinga for dette synet på framtida for DSL er at trass i den nyaste teknologiske utviklinga, særleg innafor kommunikasjon og videoteknikk som opnar for nye bruksmuligheter for DSL, så har omtrent alle typar av DSL hatt den veikskapen at eleven blir stilt overfor dei prinsippielt same begrensingane som i dei tidlegare omtalte forgreina programma. PRINCESS-aktiviteten har nettopp sin styrke i at eleven ikkje blir dirigert gjennom eit læringsforløp som han ikkje har mulighet til å innvirke på. Dersom det ikkje blir lagt «intelligens» inn i systemet i form av betydelig forståing av naturleg språk og muligheter til å generere ny, relevant kunnskap på grunnlag av ein analyse av eleven sitt «nivå», vil DSL framleis basere seg på eit pedagogisk grunnlag som i liten grad vil gjere metoden «konkurransedyktig» i ordinær undervisning.

Dette er eit forsknings- og utviklingsarbeid som krev store ressursar, og framgang på feltet krev internasjonalt samarbeid. Fordi dei kommersielle mulighetene i beste fall ligg fleire år fram i tida og fordi arbeidet må utviklast i nært fellesskap mellom datafagleg og pedagogisk/psykologisk ekspertise, er det lite truleg at framgang blir gjort utan at statlege ressursar blir satt inn. Statlege midlar til innføring av datateknologi i skulen vil vere begrensa, men det er påfallande at Stortingsmeldinga ikkje har funne dette nødvendige forskningsarbeidet verdig omtale. Dette er forsåvidt konsekvent sidan meldinga heller ikkje gjev nokon pedagogisk vurdering av datastøtta læring, bortsett frå nokså lause

antydningar om at DSL vil kunne avlaste læraren, og advarslar mot ukritisk bruk (s. 26).


Diskusjonen om mulig bruk av datastøtta læring er ikkje den viktigaste i det noverande arbeidet med innføring av datateknologien i skulen. Viktigare er det fagleg-pedagogiske arbeidet med opplegg for den obligatoriske undervisninga i forståinga av mulighetene og begrensingane ved bruk av teknologi, og formidling av innsikt i datateknologi som samfunnsfaktor.

Etterkvart vil imidlertid datateknologi som læringsmedium bli stadig viktigare – rett og slett fordi skulen etter all sannsynlegheit vil måtte integrere den nye teknologien inn i undervisninga på ulike måtar og i dei fleste fag. Dette vil komme til å skje uansett kva haldningar og grad av skepsis skulefolk måtte ha. Frå ein pedagogisk synstad er derfor arbeidet med å utvikle ein fagleg strategi for datastøtta læring ei oppgåve av heilt avgjerande betydning.

Referansar

- Hawkrige, David. «Oh, Next Year, Jerusalem! The Rise of Education of Technology». *British Journal of Educational Technology*, no. 1, vol. 7, 1976.
- Kollerbaur, Anita m.fl. *PRINCESS-projektet*. Sluttrapport. St.hlm 1983.
- Papert, Seymour. «Computers and Learning» i *The Computer Age – A Twenty-Year View*. Tertouzos/Moses (eds.) MIT Press 1979.
- Papert, Seymour. *Dialog med datamaskinen*. Oslo 1983.
- Reitan, Torgrim. *Programmert undervisning*. Oslo 1971.
- Roblyer, M.D. «Courseware – Turtles All the Way Down and Other Uses of the Computer» i *Educational Technology*, des. 1983.
- Saettler, Paul. *A History of Instructional Technology*, kap. 1. New York 1968.
- St.meld. nr. 39 (1983-84): Datateknologi i skolen.

Cand. polit. Ivar Solheim arbeider ved NKS-Data med eit undervisningsopplegg i informatikk for lærarhøgskulestudentar. Han er òg medforfattar av ei komande bok om edb, skule og samfunn.



Edb og lokalhistorie i skolen

Gunnar Thorvaldsen

La oss skille mellom fire ulike typer bruk av edb i det allmenndannende skoleverket. For det ene har vi undervisning om datautstyr, programvare og bruk av dette i samfunnet. For det andre har edb blitt brukt til drill, til mekanisk innlæring av kunnskaper og ferdigheter. Et tredje område i rask vekst er bruk av edb i skoleadministrasjonen. Men det er et fjerde område vi skal konsentrere oppmerksomheten om i denne artikkelen. Spesielt i utlandet ser vi hvordan datateknikk i stigende grad blir tatt i bruk som et redskap i de tradisjonelle skolefaga. Siktemålet med slik integrering er da å berike disse faga innholdsmessig med nye metoder og nytt stoff, samtidig som elevene får innsikt i ny teknologi og anvendelsen av den.

Vi kan for dette formålet dele skolefaga inn i tre grupper. Av historiske årsaker har man kommet lengst med edb-bruk innenfor realfag, særlig matematikk og fysikk. Her finner vi de fleste lærerne som har nødvendig tilleggskompetanse i datafag. Dessuten er delemner i realfag lettere å omsette i edb-program enn emner fra mange andre fag. Realfagene er altså et godt utgangspunkt for å lære mer om hvordan en datamaskin er bygd opp og hvordan den fungerer. Men anvendelsene på dette området ligger fjernt fra den edb-bruk som elever flest vil møte i yrkeslivet. Og de egner seg dårlig for å demonstrere hva datamaskiner ikke kan.


Innen språkfagene er mye av edb-aktiviteten begrenset til drill. Dvs. at man utnytter datamaskinens uendelige tålmodighet til å hjelpe elevene med å øve inn gloser, uregelrette verb osv. Her venter store utfordringer på språklærere med interesse for dataverktøy.

Annerledes stiller det seg mht. orienteringsfagene. Her kan datamaskinen utnyttes til mye av det samme som de typiske anvendelser i yrkeslivet. Jeg tenker mer konkret på innsamling, organisering og uttak av opplysninger av ulike slag, altså en arkivfunksjon. Det er i prinsippet liten forskjell på ei folketelling og et personalregister. Dermed vil man også få et godt utgangspunkt for undervisning om samfunnskonsekvenser av økt edb-bruk.

Undervisning i edb i skoleverket

KUD har lagt fram Stortingsmelding nr. 39 om Datateknologi i skolen. Edb-opplæring sees for det ene som et eget fag. For det andre skal edb nyttes som redskap i de tradisjonelle skolefaga. «Samfunnsfag står i denne sammenheng i en særstilling.» (St.meld. s. 12). Dessuten nevnes matematikk, naturfag og norsk.

Integrasjonstanken er pedagogisk sett gledelig, og mye tyder på at



den vil komme til å stå stadig sterkere i forsøksperioden.

Den Danske Databehandlingsforening har utgitt en «Uddannelsesrapport 1983». De oppgir to grunner til at integrasjon av edb i de ulike fag innen høyere utdanning er viktigere enn noensinne: Avstanden mellom datafagundervisninga og yrkeslivets behov er økende «og det er uddannelserne, der er bagud». For det annet er integrasjon på de høyere utdanningstrinn en forutsetning for tilsvarende på lavere utdanningsnivå.

Samfunnet trenger relativt få spesialister i faget informatikk/informasjonsvitenskap. Men det trenger langt flere som kan bruke datateknikken på fornuftig vis i forbindelse med sine tradisjonelle arbeidsoppgaver.

Man kan faktisk hevde at det er bruk av edb i de humanistiske fag som best kan gi innsikt i informatikkens verden. Det er historiske og ikke faglige grunner til at databehandling anses for å være et realfag. Den gang maskinen het «computer» ble den ganske riktig konstruert som en avansert regnemaskin. I dag har de språkbevisste franskmenn funnet et langt mer dekkende begrep: «ordinateur». Behov for å ordne informasjon har vi i alle fag.

For å sette dette på spissen skal vi vende tilbake til skillet mellom elevene som konsumenter og produsenter av informasjon. De nye teknikkene gir elevene muligheter til selv å ordne opplysninger om verden omkring seg, til å analysere den. Men det får vi ikke til i praksis hvis de kommersielle jippos skal få dominere. Jeg har liten sans for alle

de finurlige spill som man kan få kjøpt til sin hjemmedatamat; f.eks: Velkommen til Ludo! Hvor mange spillere er med? Hva ga første terningkast? ... Spiller nr. 3 vant!

Jeg vet at mange spill er mer avanserte, men prinsippet er at maskinen, ikke mennesket bestemmer interaksjonen. I realfagene fins det naturligvis en rekke utviklende anvendelser, men eksempler er av typen: Hvis Eva får 3 epler og Adam 2 osv. I tillegg til motforestillingen mot det kommersielle, har jeg liten tro på oppkonstruert lærestoff.

Bruk av lokalhistoriske data

Men i stedet for å ta for oss bruk av edb i skolefag etter skolefag, skal vi gå nærmere inn på bruk av teknikken i samfunnsfaget, og da innenfor lokalhistorie.

Det er tre hovedgrunner til at jeg vil anbefale bruk av edb i undervisninga i lokalhistorie i skolen. La oss først ta det tekniske: Bruken av edb er i ferd med å bli svært vanlig også i det norske samfunnet. De fleste kommer i kontakt med edb-utstyr, for ikke å snakke om edb-produkter. Jeg skal seinere argumentere for at databehandling av historiske kilder kan gi en helt spesiell innsikt i hva som er mulig – og umulig å gjøre med edb.

Neste punkt er det humanistisk faglige. Det er stor interesse for nærsamfunnet i disse fremmedgjorte tider. Et opplagt eksempel er den veldige oppblomstring i interessen for «røtter». Slektsgransking har en gullalder. Men denne interessen er mer allmenn: Hvordan levde folk her på stedet i gamle dager? Kanskje er slike spørsmål viktigere å få svar på for folk flest enn de rikshistoriske?

Tredje punkt er pedagogisk og dreier seg om elevenes arbeidsmåte. Vi kan fort bli enige om at de i for stor grad opplever skolegangen i en konsumentrolle. Vi mater dem med kunnskap, de får i liten utstrekning anledning til å produsere kunnskaper eller med andre ord til å analysere virkeligheten selv. Lærebokstoffet blir for teoretisk for de fleste elever, selv i ei god lærebok. Begreper som naturalhushold, pengehushold, hamskifte osv. blir for de fleste vanskelig å knytte til virkeligheten. Forståelsen blir grunn og gir ikke grunnlag for identitet i forhold til nærmiljøet eller forståelse av ulike samfunnsforhold. Som kjent en viktig forutsetning for at folk skal forstå at samfunn kan endre seg. Det er den erkjennelse man selv kommer fram til som sitter. Og på det lokalhistoriske området er mye ugjørt fordi man har manglet verktøy. Kan vi erstatte noe av teorikonsumpsjonen med praktisk, lokalhistorisk virksomhet?

Vanlige menneskers historie på lokalplanet

Interessen for lokalhistorie i Norge skal visstnok være enestående. Det er organisert lokalhistorisk virksomhet i gang i over 300 av landets

kommuner. Slektsgransking står sentralt, men ei god bygdebok inneholder mye annet enn slektstavler. Man spør etter folketall på stedet, hva folk levde av, hvor de er født, navneskikker, om de var med i foreninger osv. Slike opplysninger finner vi i gamle håndskrevne kilder som f.eks. folketellinger og kirkebøker. Men her støter vi ofte på skriftproblemer, og å finne en person kan være som å leite etter nåla i høystakken. Forsøk med databehandlede utgaver av folketellinger i skolen viser at elevene i stor grad mestrer slikt materiale og er lette å motivere til å arbeide med det.

Registreringsentral for historiske data

Registreringsentral for historiske data er en del av Universitetet i Tromsø. Formålet er å skrive av historiske kilder som folketellinger og kirkebøker fra 1800-tallet for områder spredt over hele Norge. Ved å behandle kildene med edb oppnår vi å produsere alfabetisk sorterte utgaver av kildematerialet og å lage detaljert statistikk for områder *innen* kommunene.

Fordelen med dette er at det er lettere å finne fram i sorterte kilder enn i originalene. Siktemålet er også å spre sentralt kildemateriale til universitet, distriktshøyskoler, bibliotek, kommunale samlinger, skoleverket og privatpersoner. En viktig bivirkning er at arbeidet med avskrivning skaper sysselsetting i utkantstrøk.


Kildematerialet gir opplysninger om enkeltpersoner, som kan identifiseres ved navn, alder og fødested. I tillegg får brukeren kunnskap om yrke, familieforhold, nasjonalitet og trosbekjennelse. Folketellingene er ordnet slik at man kan se hvem som bodde sammen i et hushold, mens kirkebøkene er ordnet kronologisk. Våre databehandlede versjoner kan imidlertid ordnes etter alle de kriterier som fins i originalmaterialet: Navn, alder, yrke osv. Dette rasjonaliserer arbeidet med identifikasjon og innsamling av data vesentlig.

Registreringsentral for historiske data har innledet samarbeid med Tromsø lærerhøyskole. Siktemålet er å starte forsøk med integrasjon av edb i ulike skolefag. I denne sammenheng må det også utvikles programvare.

Forsøksvirksomhet med edb i lokalhistorie

Tidsskriftet *Datatid* for oktober 1983 inneholder en interessant rapport om edb i engelske skoler. De pedagogiske spill som ble vist, sidestilles med Ludo når det gjelder læringsverdi. Faget «Computer Studies» blir i England kritisert «for å ha degenerert til snever Basic-sjonglering rundt oppgaver av matematisk/logisk karakter». Blant de produkter han ble vist i England, framhever den norske skribenten og læreren et program med folketellinga 1851 for landsbyen Quarry Bank.

Man kan altså bruke datateknikken til å analysere elevenes nære



Systembeskrivelse.

virkelighet: lokalsamfunnet. P.g.a. reglene om personvern er vi i mange henseende henvist til lokalhistorie, et felt hvor så mye er ugjort. Dette har i noen grad vært prøvd i Norge, men i Sverige har Skolöverstyrelsen nå satt av 1/2 mill. kr. til forsøksvirksomhet.

Her til lands har folketellingslistene fra RHD vært brukt både i ungdomsskolen og i den videregående skole. Dessuten i videreutdanningskurs ved Tromsø lærerhøgskole. For det ene har bruken vært konkret - elever og lærere finner fram til mennesker og plasser i nærsamfunnet for om lag 100 år siden. Innholdet i de gamle kildene blir en slags familiebilder av vanlige mennesker den gang; av «dem som handlet likt og ble behandlet likt». Skriftproblem og dårlige kopier er ikke lenger en hindring.

Neste skritt er *analytisk*. For det ene å følge personer fra kilde til kilde og på den måten bygge opp kollektive biografier. Den andre hovedmetoden er en såkalt tverrsnittundersøkelse. Man tar for seg et avgrenset område, f.eks. en skolekrets, og teller opp hvordan individene fordeler seg mht. ulike egenskaper som yrker, fødesteder, alder osv. Det har de enten gjort i de maskinskrevne kildekopiene eller i lister som er sortert på de ulike egenskapene. *Steinar Holmgren* ved skolekontoret i Alta rapporterer: «... de lærere som har brukt (dette materialet) kan fortelle om stor interesse hos elever og foreldre».

I og for seg har ikke dette medført at elevene har anvendt datautstyr. Men allerede i de sorterte listene kan de se viktige trekk ved et datasystem. Hvordan sorterer maskinen ord som står i parentes? Hva med Tomas med og uten h? Elevene lærer dermed å bruke og stille krav til edb-produkter. Og vi får utgangspunkt for kunnskaper om hva datamaskiner ikke kan.

De tanker vi har gjort oss om framtidig databehandling av historiske kilder i skolen blir nå systematisk prøvd ut i Sverige. Demografiska Databasen har en egen «utbildningsenhet». (Forskningssjefen, *Egil Johanson*, er tidligere professor i pedagogikk.) MIS-prosjektet drives i 5 år fra 1982 som et forsøk i to skoler ved Sundsvall. «Människan i samhällsomvandlingen» skal gi elevene anledning til å utforske sin lokale historie vha. datamaskin og mikrofiche. De bruker en rekke kilder som arkiv, museer, kart, aviser, osv., men i sentrum finner vi de gamle kirkebøkene.

Det er et problem, i Sverige som i Norge, at bare en liten del av det veldige kildematerialet har blitt overført til maskinleselig form. De fleste delene av landet er ennå udekt. Svenskene har forsøkt å snu problemet til en fordel. De motiverer sine elever: «Ingen har gjort dette før dere. Dere må selv skrive av opplysninger fra kildene og få dem inn i maskinen. Husk dette er virkeligheten, dette er alvorlig forskning, det må ikke forekomme feil!» Om de noensinne kan bygge opp sin landsomfattende database på denne måten, vet ikke jeg, men det er en spennende tanke. Og elevene lærer noe både om lokalhistorie og om edb under arbeidet. Møtet mellom den stringente datateknikken og de relativt ustandardiserte, historiske kildene kan være avslørende for begge parter. «Hvordan skal jeg få plass til denne personen, hun har 5 fornavn?» «Her har presten skrevet noe i margin. Hvilken rubrikk hører det hjemme i?» «Hva betyr det at denne personen er overstrøket?»

I arbeidet med innlesing av informasjon inngår først konstruksjon av et skjema, deretter vurdering av kildene, selve avskriften og til slutt kontroller og feilretting. Kontrollene vil delvis være maskinelle (enker under 20 år) og manuelle (Tomas med og uten h).

Så kommer bruken. Først den *konkrete*. Eleven lærer å finne fram i sin database. På hvilken gård bodde (min oldefar) Alf Olsen? Var det jordmor i skolekretsen? Her bruker vi maskinenes evne til å finne fram i store datamengder. Men eleven forstår snart at det ikke nytter å spørre etter jordmor når det står jordmoder i kilda. Og at han må velge blant flere Alf Olsen f.eks. ut fra alder.

Deretter kommer presentasjon av data. Hvordan bør ei sortert liste over befolkninga se ut? Lag et register til bruk på folkebiblioteket! Vi skal komme tilbake til at det ikke er nødvendig å kunne noe programmeringsspråk for å utføre slike oppgaver i dag.

Til sist kommer utarbeiding av statistikker. Også på dette punkt kan

man inntil videre bruke de standard program som i dag fins på mikromaskinene. Disse analysene kan bygges opp fra de enkleste (kjønnsfordeling) til de mer avanserte (yrkesstrukturen). I norskfaget kan man sette opp lister over vanlige og uvanlige personnavn. Hvordan så ti på topp-lista ut i 1875 i forhold til nå? Hele tida er det naturligvis viktig å kombinere med de andre kildene: Hva kan folk fortelle, fins handverkernes verktøy på museet, hvor på kartet ligger denne gården?

Og når elevene har satt opp oversikten over yrker i skolekretsen i 1875 bør de lage tilsvarende for i dag. Data fins i noen grad i den publiserte statistikken. Det er også mulig å dele opp kretsen og foreta en spørreundersøkelse. Resultatene fra denne kan bearbeides med edb. Kjennskap til slike metoder er viktige i gallupdemokratiet.

Blir slike forsøk vellykkede kan de være med å bygge bru over kløfta mellom den humanistiske og den tekniske kulturen. Den utbredte motviljen mot datateknikken kan være velbegrunnet i mange tilfeller. Men i stedet for å rette skytset mot teknikken i seg selv, bør man kritisere den feilaktige bruken. Vi får ingen positiv utvikling på dette området ved å overlate det til teknokratene! Vi må selv gå inn og motvirke den mystikk som for mange hviler over «regnemaskinene». Folk sitter og ser valgsending i fjernsynet. Klokka 10 om kvelden presenterer «maskinen» en prognose. Så våkner det norske folk opp om morgenen og kan i sin blinde tillit bare konstatere: «Maskinen hadde jo rett!» Humanistene plikter å møte den tekniske kulturen på halvveien.

Utstyr

I utgangspunktet kan elevene arbeide med datalister som de får fra RHD. På denne måten kan de lære mye lokalhistorie, men relativt lite



edb. Og vi har jo bare materiale for noen kommuner. Derfor må vi utnytte at skolene nå står foran kjøp av edb-utstyr i form av mikromaskiner. Så vidt vi forstår har KUD bestemt seg for maskintyper som har de minimumsegenskaper vi må kreve: Floppydiskett og operativsystemet CP/M. Disketter vil gjøre det enkelt å utveksle data mellom maskinene. CP/M er en standard (som 220 volt) for edb-program. Et godt tastatur med norsk tegnsett!, skjerm og skriver må bli en selvfølge.

I hvilken grad elevene skal lære programmeringsspråk er et omstridt spørsmål. Selv mener jeg at det ikke er konstruksjon, men bruk av programvare som er det sentrale. I tilknytning til CP/M fins program både for konstruksjon av skjema på skjermen, uttak av datalister, sortering og statistikk. Slike bruksprogram kalles gjerne applikasjons-generatorer og tilnærmingen applikasjonsorientert. Programmene er kjennetegnet ved at de er enkle å bruke til enkle oppgaver, men tilstrekkelig fleksible til å håndtere de mer kompliserte. Når det kommer norske bruksanvisninger til disse, blir det mer overkommelig å lære anvendelsen. Allikevel blir det et sentralt mål å teste og produsere programpakker for skolebruk. Slik bruk stiller spesielle krav til kommandostruktur og feilhåndtering. Derfor vil vi starte arbeid med å utvikle en applikasjonsgenerator som har de egenskaper som kreves i en undervisningssituasjon.

For de kommuner hvor RHD har registrert kilder, vil vi levere data på floppy disketter både for sortering/framfinning og statistikkjøring. Ellers må man skaffe seg kopier av kildematerialet, ofte i form av den billige mikrofilmen eller fichen som det lokale biblioteket ofte har i alle fall.

Eksempler på lokalhistoriske anvendelser

